

Norges Vassdrags- og Energidirektorat  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 Oslo

**Dykkar ref:**      **Dykkar dato:**      **Vår ref:**      **Arkiv:**      **Sakshandsamar:**      **Dato:**  
Kjell Johnny Kvamme      15.9.2014

## Høringsuttale Nordkraft Jølstra Kraftverk

### Bakgrunn

Sunnfjord Energi AS og Nordkraft Vind og Småkraft AS har søkt om konsesjon for å bygge ut og drive vasskraftverk i Jølstra. Nordkraft sitt prosjekt har eit mindre fall og slepper vatn ut umiddelbart ovanfor vårt kraftverk i Stakaldefossen.

Vi uttalar oss her om kva konsekvensar det vil få for Sunnfjord Energi dersom Nordkraft sin søknad blir lagt til grunn.

### Minstevassføring og Rafting

Nordkraft har omsøkt eit minstevassførings regime med opp- og nedkøyring for å komme i møte rafting sommarstid. Vi meiner dette har fleire negative konsekvensar for andre miljø-tema og er dessutan ikkje nok til å kunne halde fram med kommersiell rafting.

Nordkraft vil køyre opp/ned frå 3,5m<sup>3</sup>/s til 20m<sup>3</sup>/s i løpet av 0,5-1 time. Vår erfaring er at raske endringar i vassføring påverkar lakseførande strekning nedstraums Brulandsfossen. Konsesjonen for regulering av Jølstervatn, samt NVE sine vedtak knytt til Jølstra nedstraums Brulandsfossen tilseier at dette ikkje er ei god løysning.

Konsesjonen for Jølstervatn seier at nålene skal takast ut og settast suksessivt for ein jamn regulering. *"Manøvreringen av dammen skal føregå slik at vassføringsendringene i elva blir så jevne som mulig. Settingen av dammen skal føregå suksessivt i løpet av 6 dager"*, Manøvreringsregelement for regulering av Jølstervatn Kgl.res 30. mai 1952, fornya og endra i 1958. I praksis regulerer vi i små steg som gir 1,5-2 m<sup>3</sup>/s, inntil tre gongar i døgnet.

Mo kraftverk ligg i eit sidevassdrag til Jølstra og kjem i likheit med nye Jølstra Kraftverk inn i Movatnet oppstraums Brulandsfossen. Maks slukeevne i dette kraftverket er 2,4 m<sup>3</sup>/s. Sjølv so små endringar i vassføring ser vi påverkar vannstanden nedanfor Brulandsfossen. Dette var også tema i skjønnet om Brulandsfossen<sup>1</sup>. Det Nordkraft no foreslår er endringar i vassføring som er nesten ti gongar større, på svært kort tid. Vi er bekymra for at kravet om maksimal vannstandsending nedstraums Brulandsfossen gitt av NVE ikkje er mogleg å oppretthalde med det regimet Nordkraft har omsøkt.

Sunnfjord Energi AS ønskjer også å kunne imøtekomme rafting-miljøet, men vi meiner at det ikkje er mogleg utan at det har negative konsekvensar for om lag alle andre miljø-tema.

### Utløp i Stakaldefossen

Nordkraft har planlagt utløp i Sunnfjord Energi AS sitt inntaksbasseng til Stakaldefossen Kraftverk. Dette vil medføre utfordringar for drift av vårt kraftverk i både utbyggings- og i driftsfasen. Dette vil kunne gi oss eit produksjonstap som Nordkraft må erstatte. I anleggsfasen er det snakk om arbeid som gjer at vi må stanse aggregata, mens det i driftsfasen vil vere snakk om problematikk knytt til stabilitet og utfall. For å sikre både fisk nedstraums og ivareta drift av våre anlegg må det stillast krav til Nordkraft at omløp blir dimensjonert for ihht dette.

<sup>1</sup> I 1998 og 2007 vart det halde skjønn og på bakgrunn av dette har NVE fastsett grenser for endringar i vannstand nedstraums Brulandsfossen. Maks 10 cm reduksjon i inntil 20 minutt.

Vi påpeika noko av denne problematikken i høyringsbrev på meldinga, men kan ikkje sjå at det er vurdert eller godt nok ivarettatt i Nordkraft sin konsesjonssøknad.

### **Nytte av regulert vatn**

Sunnfjord Energi AS har konsesjon for regulering av Jølstervatn og Kjøsnestfjorden Kraftverk AS (Dotter til SE) har konsesjon for regulering av Trollavatn. Kraftverk nedstraums reguleringane vil få nytte av desse og er lovpålagt å ta del i kostnadane for utbygging, drift og vedlikehald. Nordkraft har kort nemnt bruk av regulert vatn, men vi kan ikkje sjå at det er tatt med slike kostnadar i berekningane til Nordkraft. Våre anslag seier at Nordkraft sitt alternativ har ein auka produksjon som følgje av våre reguleringsanlegg tilsvarande 30 GWh. Dette er ein betydeleg del av den totale produksjonsauken som følgje av reguleringane. Nordkraft må følgeleg ta ein vesentleg del av kostnadane vi har hatt for etablering og drift av desse anlegga. Desse kostnadane må inkluderast i Nordkraft sitt prosjekt.

Vi viser til §9 i Vassdragsreguleringslova der ein anten må opprette ei brukseigarforeining eller opprette ei avtale mellom partane for å kunne nytte det regulerte vatnet. Dette gir meir komplisert drift og beredskap i vassdraget.

### **Hydrologi**

Sunnfjord Energi AS har valt ein konservativ tilsigsserie. Vi registrerer at Nordkraft har nytta ein tilsigsserie som gir høgare tilsig og høgare produksjon. Til tross for høgare middelvassføring er alminneleg lågvassføring og 5-persentilar sommar og vinter lågare enn våre. Vi synast dette er bemerkelsesverdig.

Med helsing  
SUNNFJORD ENERGI AS

  
Kjell Johnny Kvamme  
Prosjektleder Jølstra Kraftverk

